



Møtebok

Sak nr 15/2008

Møtedato: 5.3.08

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Innløysing av festetomter – disponering av innbetalt beløp

Det er løyst inn tomter med eit samla beløp på kr 1.057.574. Av dette er kr 725.074 er utbetalt i 2007 og resten vil bli utbetalt i 2008. Fjellstyret må vurdere om desse pengane skal setjast inn på eit eige fond der avkastninga blir brukt til drift på lik line med vanlege festeinntekter.

Rentenivå i dag gir ei avkastning på rundt kr 50.000. Ser vi på forskjell mellom prisauke og bankrenter i eit lengre tidsperspektiv, har realrente lege på ca 1 %. Det betyr at vi berre kan ta ut ca kr 10.000 årleg om fondet skal oppretthalde verdien.

Det er andre plasseringar enn bank som kan gje høgare avkastning, men med høgare risiko for tap. Sett over lengre tid har anna plassering gjeve betre avkastning enn bank.

Vedtak:

Fjellstyret vedtek at beløp som blir innbetalt ved innløysing skal setjast på særskilt merka konto og renteavkastning skal kunne nyttast ved behov.

Einstemmig vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 7.6.08

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: